

# Styresak

---

Går til: Styremedlemmer  
Føretak: Helse Vest RHF  
Dato: 19.10.2012  
Sakhandsamar: **Åsmund Norheim**  
Saka gjeld: **Felles rutine for utarbeiding av forvaltningsplanar i tilknytning til Landsverneplanen for spesialisthelsetenesta (LVP Helse)**

**Arkivsak**  
2008/98/  
**Styresak 111/12**

**Styremøte 07.11. 2012**

---

## **Forslag til vedtak**

Styret vedtar felles rutine for utarbeiding av forvaltningsplanar, gjennomføring av vedlikehald og søknadspliktige tiltak for verna byggverk og område i helseregionane.

## Oppsummering

Tre av helseføretaka i Helse Vest er gjennom Landsverneplanen for spesialisthelsetenesta og fredingsforskrifta til Riksantikvaren omfatta av freding og vern av bygningar og uteområde. Gjennom ein eigen kongeleg resolusjon frå 2006 er det fastsett korleis freda og verna eigedommar skal forvaltast og vedlikehaldast for å ta vare på kulturminnevernet. Resolusjonen fastset også plikt til å utarbeida forvaltningsplanar med nærmare bestemt innhald for alle eigedommar omfatta av Landsverneplanen. Helse- og omsorgsdepartementet har gjennom føretaksprotokollane til dei regionale helseføretaka bede om at arbeidet med forvaltningsplanar blir gitt prioritet.

Arbeidet med og godkjenning av forvaltningsplanane involverer fleire instansar utanom dei helseføretaka som eig verna eigedommar. For å sikra effektiv, korrekt og einsarta behandling av forvaltningsplanane i høve desse instansane, er det utarbeidd forslag til felles rutiner for alle helseføretaka i landet. Administrerande direktør tilrår at felles rutine for Helse Vest sin del vert forankra ved at styret fastset denne.

## Fakta

Landsverneplanen for spesialisthelsetenesta (LVP Helse) er fastsett av Helse- og omsorgsdepartementet (HOD) og inneheld oversikt og nærmare omtale av alle bygningar og uteområde som er verna. Vernet som ligg i LVP Helse er inndelt i 2 klassar: Verneklasse 1 for dei eigedommane som har høgast verneverdi og representerer høge nasjonale verneinteresser og verneklasse 2 for dei eigedommane som har lågare vernestatus. Alle eigedommane som er klassifiserte i verneklasse 1 i LVP Helse er nå omfatta av Riksantikvaren si fredingsforskrift av 16.02.12. Eigedommane som er klassifiserte i verneklasse 2 er ikkje omfatta av fredingsforskrifta. For desse eigedommane er det sektoren sjølv med Helse- og omsorgsdepartementet som øvste organ som må ivareta forvaltninga av kulturminnevernet.

Det er fastsett ein kongeleg resolusjon (Kgl. Res) av 01.09.06 som set krav til korleis verna eigedommar skal forvaltast og vedlikehaldast. Resolusjonen omfattar både verneklasse 1 og verneklasse 2. Resolusjonen inneheld nærmare krav til innhaldet i forvaltningsplanane for å sikra at verneverdiane blir ivaretekne.

For å sikra god og likearta behandling i arbeidet med forvaltningsplanar i alle helseføretaka, har det interregionale nettverket (RHF representantane for LVP Helse) utarbeidd ein felles rutine for utarbeiding av forvaltningsplanar og gjennomføring av vedlikehald og søknadsppliktige tiltak for verna bygg og område. Denne felles rutinen vil også medverka til å sikra at helseføretaka opptre einsarta når forvaltningsplanane for freda eigedommar blir førelagde for Riksantikvaren slik fredingsforskrifta krev.

## Kommentarar

Føremålet med rutinen for utarbeiding av forvaltningsplanar og vedlikehald av verna bygg og eigedommar er å sikra at helseføretaka som eig bygningar og uteområde som er omfatta av Landsverneplanen forvaltar vernet på ein god og likearta måte. Utanom helseføretaka som eig verna eigedommar, er det fleire andre instansar og aktørar som også har roller i samband med dette arbeidet. Desse omfattar Riksantikvaren, Helse- og omsorgsdepartementet, dei regionale helseføretaka, fylkeskommune og kommunar samt det interregionale nettverket for LVP Helse med kulturminnefagleg rådgivar. Det er viktig å sikra at helseføretaka kjenner rollene til desse ulike instansane og aktørane og opptre rett og mest mogleg einsarta i høve desse. Dette sikrar smidigare saksbehandling og er over tid også eigna til å bygga tillit mellom instansane.

Rutinen er felles for heile sektoren og omfattar alle helseføretaka i landet. Det er viktig at helseføretaka føreheld seg til rutinen i arbeidet med forvaltning og vedlikehald av verna eigedommar. Administrerande direktør føreslår difor at rutinen blir forankra i Helse Vest ved at den blir fastsett av styret i det regionale helseføretaket.

Vedlegg: Forslag til felles rutiner for utarbeidelse av forvaltningsplaner, gjennomføring av vedlikehold og søknadsppliktige tiltak for vernede byggverk og områder i helseregionene